

**Vedlikehald og driftsplan:** Ulvik næringslag har ansvar for vedlikehald/ ettersyn og oppfølging av turstiane. Næringslaget har egne vedlikehaldsavtaler mellom dei og lag/ organisasjonar/ grunneigarar for dette. Tilsyn og ansvarsfordeling er spesifisera i vedlikehaldsavtalene.

**Enkel aktivitetsplan:**

Det vil ikkje bli dokumentert bruk i form av klippekort eller turbøker på desse stiane.

**Parkering:** Parkering for begge turane vil bli lagt til allereie opparbeida parkeringsplassar i Ulvik sentrum.

**Skulebruk:** turane ligg i nærleiken av ulvik skule (Brakanes Skule) og vil kunne inngå i undervisninga (særskilt krigsminnestien), men også Tysso stien vil kunne gje elevane ein nærare kjenskap til lokalhistorie knytt til elva. Det vil og være lett for andre skuler å kunne gå desse stiane.

**Arrangemang:** Tysso-stien vil kunne brukast blandt anna under det årlege andeløpet knytt til Ulvik sommarfestival, det vil og kunne brukast til guida turer med lokal guide for turistar og lignende (begge turane). Det er gode moglegheiten til å knytte desse to turane til framtidige arrangemang samt lage egne arrangemang der desse er i sentrum/ er med på å skape rammane til arrangemanga.

**Enkel plan for marknadsføring:** Planen er at begge turane/løypene vert publisert på visitulvik.no og herades eige nettstad, Turisstkantoret i Ulvik vil ha brosjyrer og plakater med informasjon og kart for formidling. Media vil bli informert om og invitert til start av prosjekt og dei offisielle opningane av stiane. Alle turistkontora i Hardanger samt Bergen b.la. vil bli informert om stiane og invitert til å "ta turen" som ein del av alt det som kan opplevast i Ulvik.